

Årsplan 2018/19

Espira Marthahaugen



Innhold

Velkommen til Kunnskapsbarnehagen Espira!	3
Kva inneber det at vi er ein kunnskapsbarnehage?	3
Namnet Espira	3
Visjonen til Espira	3
Visjonen til barnehagen	3
Barnesynet til Espira	3
Pedagogiske verktøy i Espira	3
Espira Akademiet	4
Inne og utemiljø i Espirabarnehagane	4
Mat og måltid	4
Om barnehagen	5
Kva er en årsplan?	6
Innhaldet i og oppgåvene til barnehagen	6
Verdigrunnlaget til barnehagen	6
Livsmeistring og helse	7
Formålet med og innhaldet i barnehagen	7
Barnehagen skal ivareta barnas behov for omsorg	7
Barnehagen skal ivareta barnas behov for leik	8
Barnehagen skal fremje danning	9
Barnehagen skal fremje læring	9
Barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap	9
Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk	10
Barns medverknad	11
Samarbeid mellom heimen og barnehagen	11
Overgangar	11
Når barnet begynner i barnehagen	11
Overgangar i barnehagen	11
Overgangen mellom barnehage og skule	12
Barnehagen som pedagogisk verksemd	12
Planlegging	12
Vurdering	12
Spireportalen	12
Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte	13
Arbeidsmåtene til barnehagen, progresjon og den digitale preksisten til barnehagen	13
Småspirene	13
Skulespira	13
Fagområda til barnehagen	15
Kunnskapsområde og fagkort i Espira	15
Espirabarnehagane arbeider tverrfagleg	15
Satsingsområda til Espira	15
Tema gjennom året	16
Progresjon i rammeplanens fagområder	17
Pedagogisk kalender	21
Vedlegg	22
Standarden til Espira når barnet begynner i barnehagen	22
Standarden til Espira når barnet byter avdeling	22
Skulespirestandarden til Espira	23

Velkommen til Kunnskapsbarnehagen Espira!

Espira vil gi barn ein fantastisk start på livet! Barnehagen skal i nært samarbeid med heimen gi barna ein trygg kvardag prega av meistring, leik, læring og glede. Espira består per 1.3.2018 av 101 barnehagar i nærmare 50 kommunar.

Kva inneber det at vi er ein kunnskapsbarnehage?

Espira skal vere den barnehageaktøren som er best på kunnskap om barn og barnehage. Vi prioriterer dette fordi kunnskap gir kvalitet. Kunnskapsbarnehagen Espira skal bidra til forskingsbasert kunnskap som er relevant for heile barnehagesektoren. Vi rekrutterer kompetente tilsette, og i tillegg støttar vi alle grupper av tilsette i å tileigne seg kunnskap om barn og barnehage og bruke denne kunnskapen i praksis. Dette skjer gjennom dei pedagogiske verktøya og kompetansetiltaka våre, som byggjer på lov om barnehagar og rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen og på aktuell forskning og relevante styringsdokument. For å sikre at vi er på rett veg, har Espira omfattande brukarundersøkingar og gode rutinar for planlegging, dokumentasjon og vurdering av arbeidet..

Namnet Espira

Espira er utleidd frå det engelske ordet inspire, som betyr inspirere og oppmuntre.

I tillegg spelar namnet på det norske ordet spire, som betyr kjerne, byrjing, barndom, utgangspunkt og utspring og viser til det å spire og gro. Vi ønskjer at barna i barnehagane våre skal trivast og få gode vilkår for allsidig utvikling. Då får dei òg det beste grunnlaget for utdanningsløpet og arbeidslivet.

Espira bidreg til å gi barna ein fantastisk start på livet!

Visjonen til Espira

Vi skal leie utviklinga av barnehagar i framtida.

Visjonen til barnehagen

Sol ute, sol inne

Visjonen fortel korleis barna skal ha det, og kva personalet i barnehagen skal gjere. Om barna er ute eller inne, om dei græt eller ler, så skal dei vere i trygge omgivnader saman med tilsette som bryr seg om dei og tek vare på dei.

Barnesyntet til Espira

Barnesyntet til Espira skal liggje til grunn for alt arbeidet som blir gjort i barnehagen:

Barn har fantastiske evner og eigenskapar. Dei søker heile tida å skape meining i samhandling med omverda. Barna i barnehagane våre skal oppleve oss som deltakarar i denne meiningsskapinga i eit trygt, omsorgsfullt og inspirerende miljø.

Pedagogiske verktøy i Espira

Espira meiner at nøkkelen til kvalitet i barnehagen er tilsette med kompetanse og tilgang til gode verktøy som hjelper dei til å omsetje rammeplanen til god praksis. Vi har utvikla ei eiga samling pedagogiske verktøy til barnehagane våre. Dei pedagogiske verktøya består mellom anna av fagkort, rettleingsmateriell og standardar. I tillegg har Espira ei eiga digital plattform, Spireportalen, som dei tilsette kan bruke til planlegging, dokumentasjon og vurdering og til kommunikasjon med foreldra.

Espira Akademiet

Ein viktig del av Espira sitt arbeid med kvalitet er arbeidet med å styrkje kompetansen til alle tilsette. Vi har etablert Espira Akademiet, som er vårt eige opplæringsstilbod for alle grupper av tilsette.



I Espira Akademiet tilbyr vi varierte kurs innanfor to hovudkategoriar:

- Utvikling av pedagogisk kompetanse
- Leiarutvikling

Inne- og utemiljø i Espirabarnehagane

Vi i Espira er opptekne av å skape gode inne- og utemiljø som inspirerer barna til både leik og læring. I Espira-barnehagane skal tryggleik, estetikk og miljø stå i fokus. Inne- og utemiljøa skal utviklast med grunnlag i barnesynet til Espira og støtte det pedagogiske arbeidet. Det inneber mellom anna at leiker og materiell er tilgjengelege for barna, at det er gode soner for leik i romma, og at romma og materiellet gir barna leikeidear og inspirasjon, slik at dei kan utvide og vidareutvikle erfaringane sine.

Mat og måltid

I Espira er vi opptekne av at barna skal tileigne seg gode vanar, gode haldningar og god kunnskap når det gjeld kosthald, hygiene, aktivitet og kvile. Vi følgjer rammeplanen og dei statlege retningslinjene for mat og måltid i barnehagen. Maten og drikka i barnehagen er ein viktig del av kosthaldet til barna. Barnehagen kan derfor i stor grad påverke matvanane, kosthaldet og helsa til barna.

Dette ansvaret tek vi på alvor, og derfor har vi som mål at alle barna i kunnskapsbarnehagen Espira skal få:

- Alle måltid serverte i barnehagen (frukost, lunsj og eit enkelt ettermiddagsmåltid)
- Tilbod om frukt, grønnsaker og/eller bær til alle måltida.
- Måltid med god stemning, rom for samtalar og høve til å oppdage ny mat og nye smakar.



Om barnehagen

Espira Marthaugen barnehage ligg ca 5 minutter køyring frå Frekhaug. Barnehagen har 4 avdelingar. Me tilpassar avdelingane etter kva alder søkerane har. Barnehagen er organisert i avgrensa avdelingar med eiga inngang. Skolespirene er dei største barna i barnehagen. Kvar avdeling har sitt eige personale og egne lokaler, men samarbeider tett.

Me ligg i naturskjøne omgivnader og har mange flotte turområder som me går til. Skolespirene går på toppturar i Meland. 3 før jul og 3 etter jul.

I mars 20118 blei me resertifisert som Miljøfyrtårn bedrift for andre gong. Espira Marthaugen var den første bedrifta i Meland som vart Miljøfyrtårn sertifisert. I det daglege visar dette igjen med at me sorterer boss saman med barna, dyrkar ulike vekstar i kjøkenhagen vår. Me har miljøsamlingar med barna med jevne mellomrom der me ha fokus på natur og miljøarbeid. Me registrerar og strøm og vannforbruk.

Me er Forskarfabrikkenbarnehage og har eige forskarrom. Alle gruppene har tilgang til forskarrommet minst ein gong i veka. Då jobbar me med realfag, eksperimentar og ulike forsøk.

Fakta:

- Åpningstiden vår er kl.06.30-17.00. I feriane, som romjul, dagane før påske og juli måned har me redusert opningstid: kl. 07.00-17.00. Dette er godkjent i SU. Julafta og nyttårsafta held me stengd og onsdag før påske stenger me kl. 12.00
- Me tilbyr fullkost i barnehagen til en mndpris på kr. 450,- Me har tilsett ein faglærd kokk som lagar menyer og tilberedar nesten all mat. Som Fiskesprellbarnehage har me fisk på menyen 2 gonger i veka. Barn med ulike matallergiar og andre spesialbehov blir veldig godt ivaretekne.
- Espira er hovedsponsor for SOS-barnebyer og me er med på å samle inn pengar til ein barnehage som Espira driftar saman med SOS-barnebyer i Zimbabwe.
- Barnehagen kan følges på Facebook: Espira Marthaugen barnehage
- Styrrer: Elisabeth Thorland, tlf: 46412030, mail: styrrer@marthaugen.espira.no



Kva er ein årsplan?

I rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen står det:

“Årsplanen er ein arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngivingane til barnehagen. Årsplanen kan gi informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til myndighetsnivåa, samarbeidspartane til barnehagen og andre interesserte.

Styraren skal leie prosessen med å utarbeide årsplanen. Årsplanen skal fastsetjast av samarbeidsutvalet i barnehagen. Årsplanen skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsetje formålet og innhaldet i rammeplanen og dei lokale tilpassingane i pedagogisk praksis.”

Innhaldet i og oppgåvene til barnehagen

Verdigrunnlaget til barnehagen

Ifølgje rammeplanen skal verdigrunnlaget til barnehagen formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Rammeplanen konkretiserer verdigrunnlaget ved å løfte nokre område som skal prege arbeidet til barnehagen gjennomgåande: demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling og likeverd, berekraftig utvikling og livsmeistring og helse.

Slik arbeider vi med verdigrunnlaget til barnehagen i praksis:

- ta vare på turområder, plukke boss og lære barna om kildesortering
- sunn mat og variert kost
- kjøkenhagen brukt aktivt, fokus på gjenbruk
- legger til rette for allsidig leik for alle barn
- jobber aktivt med barns medverknad
- snakke positivt om ulikskap, feks markera Rocka Sockorna dag
- vaksne som er gode rollemodellar som visar respekt for kvarandre og borna
- gje barna valgmoglegheiter, lytte og sjå kvart enkelt barn
- bruke visjon og verdier aktivt



Livsmeistring og helse

I rammeplanen står det:

“Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Om eit barn opplever å bli krenkt eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp. Personalet skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsette for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, og dei skal vite korleis dei kan førebyggje og oppdage dette.”

Slik arbeider vi førebyggjande og helsefremjande:

- Jobbe med vennskap/ mobbing i samlingar over tid
- Personalet hatt kurs om vold og seksuelle overgrep. Kan få hjelp av Konsultasjonsteam eller Helseteam i kommunen.
- ICDP - 8 temaer for godt samspill; personalet er kursa. Me har flere pedagogar som er utdanna ICDP veiledera.
- Dei vaksne legg til rette for å ha like rammefaktorar for alle barn, samtidig som individet vert ivareteke
- Me legg opp til kjønnsnøytrale lekesonar
- Bruke “ Handlingsplan for å sikre et godt psykososialt miljø for barna” aktivt og har jamnlig gjennomgang av den.
- Me har et tett samarbeid med PPT og spesialpedagoger i kommunen og får rettleiing av dei etter behov.
- Verktøy me kan nytte: Steg for steg, Grønne tanker, glade barn, Trivselssamtaler, Barnesamtaler, Hviløvelser, Kanin og pinnsvin

Formålet med og innhaldet i barnehagen

I rammeplanen står det:

“Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.”

Rammeplanen har mål for arbeidet til personalet på alle desse områda.

Barnehagen skal vareta barnas behov for omsorg

Personalet skal:

- bidra til å dekkje barnas behov for fysisk omsorg, inkludert behovet for ro og kvile
- leggje til rette for at barna kan knyte seg til personalet og til kvarandre
- sørge for at alle barn trivst, føler seg trygge og føler tilhøyrsløse i barnehagen
- møte alle barn på ein open, varm og interessert måte og vise omsorg for kvart enkelt barn
- vere lydhøyre for kva barna uttrykkjer, og prøve å oppfylle behovet deira for omsorg på ein god måte
- støtte og oppmuntre barna til å vise omsorg for andre og til sjølve å kunne ta imot omsorg
- bidra til at barna kan utvikle tillit til seg sjølve og andre

Slik arbeider vi for å vareta barna sitt behov for omsorg:

Alle avdelingar har ein kvilestund kvar dag.

- ICDP- 8 tema for godt samspill. Jobbe aktivt med sensitivitet og delar kunnskap med kvarandre.
- Tilgjengelege vaksne med opne fang og vaksne som er tilstades og påkobla og er der for barna
- Etablere begrepa Grønne tankar og Raude tankar hjå barn og vaksne.
- Bruke navn til barna aktivt
- Ha kontakt med barna på tvers av avdelinger
- Verktøy me kan nytta: Steg for steg, Grønne tanker, glade barn, Trivselssamtalar, Barnesamtalar, Kvilestund, Kanin og pinnsvin

Barnehagen skal vareta barnas behov for leik

Personalet skal:

- organisere rom, tid og leikemateriale for å inspirere til ulike typar leik
- bidra til at barna får felles erfaringar som grunnlag for leik og leggje til rette for utvikling av leiketema
- fremje eit inkluderande miljø der alle barna kan delta i leik og erfare glede i leik
- observere, analysere, støtte, delta i og gjere leiken meir verdifull på barna sine premisser
- rettleie barna dersom leiken medfører uheldige samspelsmønster
- vere bevisste på og vurdere si eiga rolle og deltaking i leiken
- ta initiativ til leik og aktivt bidra til at alle kjem inn i leiken

Slik arbeider vi for å vareta barnas behov for leik:

- Heile personalet er kursa av Fantasifantasten som er leikeekspert. Ho kjem og skal rettleie kvar avdeling i å lage gode leikemiljø i august.
- Aktiv observering og refleksjon av barns leik og leikemiljøer i samarbeid med barna.
- Vaksne vere tilstades og påkobla
- Lage leikeregler saman med barna.



Barnehagen skal fremje danning

Personalet skal:

- leggje til rette for meningsfulle opplevingar og støtte identitetsutviklinga og den positive sjølvforståinga til barna
- støtte barnas aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskapet
- synleggjere og verdsetje ulike behov, meiningar og perspektiv i fellesskapet
- leggje merke til, anerkjenne og følgje opp barnas perspektiv og handlingar
- utfordre tenkinga til barna og invitere dei inn i utforskande samtalar
- synleggjere og framheve mangfald og ulikskap som grunnlag for opplevingar, utforskning og læring

Slik arbeider vi for å fremje danning:

Dele avdelingen opp i mindre grupper

- Vere mentalt til stades
- Delta i leik og samtalar
- Stille opne spørsmål og ha tid til å ikkje svare på dei
- Bruke barns medvirkning om korleis dagen skal vere
- Voksne som gode rollemodeller og bruke både verbalt og nonverbalt språk bevisst (forklare barna ting)
- Vaksne lagar rollespel som skapar undring og tenkning hjå barna (vaksne ha tid til å undre seg saman med barna i ettertid)
- Vise oppriktig interesse for barna og deres liv
- Vise respekt for alle rundt deg
- Verktøy; Følelsesbiblioteket (Anne Fiske) , følelsesdukker

Barnehagen skal fremje læring

Personalet skal:

- sørge for eit inkluderande fellesskap og leggje til rette for at barn kan bidra i eiga og andre si læring
- leggje til rette for heilskaplege læringsprosessar som fremjar trivsel og allsidig utvikling hos barna
- vere merksame på interessene og engasjementet til barna og leggje til rette for læring i ulike situasjonar og aktivitetar
- støtte og bidra til barnas initiativ, undring, nysgjerrigheit, kreativitet, læringslyst og tiltru til eigne evner
- utvide barnas erfaringar og sørge for progresjon og utvikling i innhaldet i barnehagen
- støtte barnas refleksjonar rundt situasjonar, tema og fenomen og skape forståing og meining saman med dei
- sørge for at alle barn kan få rike og varierte opplevingar og erfaringar, utfordringar og meistringsopplevingar

Slik arbeider vi for å fremje læring:

- Personalet planlegg og forbur seg godt
- Personalet undrar seg saman med barna og stiller gode opne spørsmål. Vagar å vente til barna kjem med svar.
- Ta barna sine innspel på alvor.
- Personalet er god på å lytte og å følgje barna sine initiativ.
- Brukar ulikt tilgjengeleg utstyr feks Mattemeisen, digitalt mikroskop, litteratur, Språkkista, Snakkepakken osv..
- Dele opp i mindre grupper så alle blir sett og hørt.

Barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap

Personalet skal:

- støtte barnas initiativ til samspel og bidra til at alle kan få leike med andre, oppleve vennskap og lære å halde på venner
- samtale om normer for samhandling og invitere barna til å utforme normer for samhandling i fellesskap
- støtte barna i å ta andre sitt perspektiv, sjå ei sak frå fleire sider og reflektere over eigne og andre sine kjensler, opplevingar og meiningar
- støtte barna i å setje eigne grenser, respektere andre sine grenser og finne løysingar i konfliktsituasjonar
- førebyggje, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster

Slik arbeider vi for å fremje vennskap og fellesskap:

- Lage lekegrupper
- Vennskapssamlingar
- Fellessamlingar med rollespel med sosialt fokus
- Personalet nyttar “Handlingsplan for å sikre et godt psykososialt miljø for barna”
- Foreldremøte med fokus på antimobbing
- Bruke “Rettighetsslottet” som hjelpemiddel

Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk

Personalet skal:

- anerkjenne og respondere på dei ulike verbale og ikkje-verbale uttrykka til barna og støtte språkutviklinga deira
- stimulere den verbale og ikkje-verbale kommunikasjonen til barna og leggje til rette for at alle barn blir involverte i samspel og samtalar
- sørge for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språk som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for egne tankar og kjensler
- vere bevisste på rolla som språkleg førebilete og vere lydhøyre i kommunikasjon med alle barn
- følgje med på kommunikasjonen og språket til barna og fange opp og støtte barn som har ulike former for kommunikasjonsvanskar, er lite språkleg aktive eller har sein språkutvikling
- bidra til at språkleg mangfald blir noko positivt for heile barnegruppa, støtte fleispråklege barn i å bruke morsmålet sitt og samtidig aktivt fremje og utvikle den norsk-/samiskspråklege kompetansen til barna

Slik arbeider vi for å fremje kommunikasjon og språk:

- Personalet er gode rollemodellar
- Personalet nyttar åpne spørsmål og undrar seg saman med barna
- Personalet er støttande stillas i barnas sosiale og språklige utvikling
- Personalet ordbader barna
- Personalet skal få opplæring i opplegget Språkløyper; språk og leseaktiviteter
- Nytte nynorsk og bokmål i høgtlesing, songar, dikt og lydbøker
- Samtale om språklege variasjonar
- Ressurser: Språkkofferter, Språkkiste, Snakkepakken , Språksprell, Tegn til tale etc.



Barns medverknad

I rammeplanen står det:

“Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen.”

Slik arbeider vi for å vareta barns rett til medverknad:

- Personalet er gode rollemodellar
- Personalet nyttar åpne spørsmål og undrar seg saman med barna
- Personalet er støttande stillas i barnas sosiale og språklige utvikling
- Personalet ordbader barna
- Personalet skal få opplæring i opplegget Språkløyper; språk og leseaktiviteter
- Nytte nynorsk og bokmål i høgtlesing, songar, dikt og lydbøker
- Samtale om språklege variasjonar
- Ressurser: Språkkofferter, Språkkiste, Snakkepakken , Språksprell, Tegn til tale etc.

Samarbeid mellom heimen og barnehagen

I rammeplanen står det:

“Barnehagen skal vareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med foreldra, jf. barnehagelova §§ 1 og 4. [...] Barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldra. Foreldresamarbeidet skal skje både på individnivå, med foreldra til kvart enkelt barn, og på gruppenivå, gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet.”

Slik arbeider vi for å fremje eit godt samarbeid mellom heimen og barnehagen:

- Tilvenning
- Startsamtale
- Spireportalen
- Når barnet kommer til barnehagen skal det ønskes velkommen med navn
- Når barnet skal hjem fra barnehagen skal personalet støtte barnet i å fortelle noe fra dagen som har vært
- To foreldresamtaler i året
- Foreldrearrangementer
- Høve til faglig innverknad på årsplanen

Overgangar

Når barnet begynner i barnehagen

I rammeplanen står det:

“Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhøyrslse og føle at det er trygt å leike, utforske og lære.”

Espira har ein eigen standard som blir brukt når eit barn begynner i barnehagen. Sjå vedlegg.

Overgangar i barnehagen

Rammeplanen omtaler òg overgangar i barnehagen:

“Personalet skal sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter barnegruppe.”

Espira har ein eigen standard som blir brukt når eit barn byter avdeling. Sjå vedlegg.

Overgangen mellom barnehage og skule

I rammeplanen står det:

“Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, overgangen til skulen og skulestarten. Barnehagen må ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen.”

Espira har ein eigen standard for dei eldste barna i barnehagen, Skulespirene. Sjå vedlegg.

Barnehagen som pedagogisk verksemd

I rammeplanen står det:

“Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vere grunngitt i barnehagelova og rammeplanen.”

Planlegging

I rammeplanen står det:

“Planlegging gir personalet grunnlag for å tenkje og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa.”

Slik arbeider vi for å sikre gode planleggingsprosessar:

- Planleggingsdagar, personalmøter, avdelingsmøter.
- Vekeplan i Spireportalen skal inneholde fokusspirer, kort om veka, planer for dagane, evt bursdagsbarn.
- Månedsbrev skal innehalde tilbakeblikk og refleksjonar frå månaden som har gått og refleksjon om mål for månaden som kjem. Månedsbrev skal innehalde beskrivelse av tema, mål for barna, mål for de vaksne, fagområder i fokus og evt merkedager.
- Kva, korleis og kvifor + GLL skjema; planlegging og refleksjon av det me skal/har gjort som bidrar i den videre planlegginga.

Vurdering

I rammeplanen står det:

“Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen. [...] Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda.”

Spireportalen

I Spireportalen har Espira ei digital plattform som dei tilsette kan bruke til å planleggje og dokumentere den pedagogiske verksemda og til å kommunisere med foreldra. Foreldra kan mellom anna få tilgang til bilete og «gullkorn» frå barnet sitt barnehageliv i Spireportalen. Spireportalen er tilgjengeleg på ulike digitale einingar, mellom anna som mobil-app. Vi er svært opptekne av personvern når det gjeld bruken av Spireportalen.

Slik arbeider vi for å sikre god vurderingspraksis:

- Nytte Spireportalen på ein god måte og bruke refleksjonsdelen i opplevelsesarena aktivt.
- Nytte GLL skjema aktivt og reflektera og vurdere arbeidet vårt.
- Nytte tid på avdelingsmøter til refleksjon
- Skrive månedsbrev med refleksjoner og vurdering av mål

Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte

I rammeplanen står det:

“Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter behova og føresetnadene til barna, også når enkelte barn har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Tilrettelegginga skal vurderast undervegs og justerast i tråd med behova og utviklinga til barnet.

Barnehagen skal sørge for at barn som får spesialpedagogisk hjelp, blir inkluderte i barnegruppa og i det allmennpedagogiske tilbodet.”

Slik sørger vi for tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet:

- Dele opp i små grupper
- Personale som er til stades
- Aktivitetsgrupper
- Alle barn med på alle aktivitetar ut fra sine forutsetningar

Arbeidsmåtene til barnehagen, progresjon og den digitale praksisen til barnehagen

I rammeplanen står det:

“Arbeidsmåtene [til barnehagen] skal vareta barna sitt behov for omsorg og leik, fremje læring og danning og gi barn høve til å medverke. Personalet skal ta i bruk varierte arbeidsmåtar, og arbeidsmåtene skal tilpassast til enkeltbarn, barnegruppa og lokalmiljøet.

[...]

Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet, og barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte høve til leik, aktivitetar og læring.

[...]

Den digitale praksisen til barnehagen skal bidra til leik, kreativitet og læring. Bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal støtte opp om barna sine læreprosessar og bidra til å oppfylle rammeplanen sine føringar for eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn. [...] Barne-hagen skal utøve digital dømmekraft og bidra til at barna utviklar ei gryande etisk forståing knytt til digitale medium.”

Espira skal drive barnehagar med høg kvalitet. Då er det viktig at vi gir barna og foreldra eit barnehagetilbod som er godt tilpassa alle aldersgrupper.

Småspirene

Med Espiras visjon og barnesyn som solid grunnmur skal dei tilsette gi dei yngste barna i barnehagen ein kvardag som er fylt av tryggleik og omsorg, men òg leik, læring og utforsking. Småbarnstida er ein viktig epoke i menneskelivet. Det tek vi i Espira på alvor. Dei tre første leveåra tileignar barn seg kunnskap og ferdigheiter i eit tempo som overgår det meste som skjer seinare i livet. Dei tilsette skal gjennom kunnskap om barns utvikling og refleksjon over eigen praksis sørge for å gi dei yngste barna eit pedagogisk tilbod som stimulerer utviklinga til det enkelte barnet best mogleg. For at alle tilsette skal bli meir bevisste og sensitive når det gjeld arbeidet med dei yngste barna i barnehagen, har vi ei eiga satsing på dei små - Småspirene.

Skulespira

I Espira har vi ei eiga satsing for dei eldste barna: Skulespira. Skulespira er det pedagogiske tilbodet til dei eldste barna i barnehagen. Vi ønskjer at det siste året i barnehagen skal vere eit godt og spennande år for dei eldste. Barna skal få dei beste føresetnadene for livslang læring og oppleve samanheng i overgangen mellom barnehage og skule. Ein viktig del av Skulespira handlar om prosjektarbeid som:

- gir konkrete opplevingar og erfaringar i samspel med andre
- legg vekt på heilskaplege læringsprosessar
- har tverrfagleg fokus

Slik arbeider vi for å sikre progresjon for dei yngste barna (Småspirene) i barnehagen:

Små barn har behov for å oppleve trygghet. Derfor står trygghet i fokus den fyrste perioden i barnehagen. For at små barn skal bli kjend, etablere relasjonar og knytte seg personalet og andre barn – så treng dei rutiner og at rom og tid er organisert slik at dette kan skje. Barna treng å oppleve tilhørighet og trygghet til å leike, utforske og lære. Gjennom sansing og kroppsleg aktivitet vise barna at dei gler seg over samspelet med andre. Derfor er det viktig at personalet er til stades, bruker speiling, ord, mimikk og gester sammen med barna og møter barna på deira nivå. Barna skal få oppleve fellesskap, spenning og undring.

Dei vaksne skal støtte kvart barns individuelle utvikling, språk, sosialt og motorisk.

Dei vaksne skal leggje til rette for gode samspill mellom barn og utvikling av vennskap.

Vi bruker konkrete, enkle bøker, sett ord på ting, gjentaking, musikk og dans. Smågrupper, sanse- og rørsleleik.

Slik arbeider vi for å sikre progresjon for dei mellomste barna i barnehagen:

Dei mellomste barna vil bestemme og klare meir sjøl. Dei byrjer å gå frå å leike paralell leik til byrjande rolleleik. Dei velger meir kven dei vil leike med. Dei er meir sjølvstende og vil klare å velge og styre leiken saman med andre barn. Dei har behov for eit godt og vekslende spårkmiljø. Barna er utforskande og har ein stor vitetrong. Dei har behov for å røre på seg og oppleve meistring med heile kroppen.

For å få dette til gjer me:

- Går tur kvar veke i nærområda og i skogen, med leik, rørsle og forskarverksemd
- Har leikesoner med ulike leiker/ materialer. Der øver me på å vere i sonen og leike over tid.
- Sjølvstende; ha god tid til å prøve sjølv og vaksne som støtter og oppmoder til mest mulig meistring
- Leser høgt; brukar bøker, song og musikk, rim og reglar, eventyr
- Brukar konkretar og teign til tale

Slik arbeider vi for sikre progresjon for dei eldste barna (Skulespirene) i barnehagen:

Gjennom meningsfylde og spanande prosjektarbeid skal skulespirene få eit fantastisk siste år i barnehagen. Dei skal få dei beste føresetnadane for livslang læring og oppleve samanheng i overgangen mellom barnehage og skule. I prosjekter jobbar vi med ulike fagområder frå rammeplanen. Prosjektarbeid handlar om å undersøka, utforska og undra seg saman rundt eit tema. Barna deltar aktivt i heile prosessen og barnas medverknad tas på alvor. Barna øver opp bl.a. sjølvstende, og viktige sosiale- og språklege ferdigheiter. Dei gjer seg klar til skulestart bl.a. ved å vera med å ta avgjersler om påkledning etter vêt, øver på turtaking og uthald, vert kjent med tal og bokstavar, får setja ord på tankar og kjensler og øver på konfliktløysing.



Fagområda til barnehagen

I rammeplanen er det definert sju fagområde som barna skal utvikle kunnskap og ferdigheiter innanfor gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar. Ifølgje rammeplanen skal barnehagen sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen.


“Verdigrunnlaget til og formålet med barnehagen skal gi retning for og prege arbeidet med fagområda, og barna sin rett til medverknad skal varetakast.”

Kunnskapsområde og fagkort i Espira

I Espira illustrerer vi dei sju fagområda frå rammeplanen ved hjelp av sju «spirer». Vi kallar dei sju spirene for kunnskapsområde, og vi har utvikla fagkort til alle dei sju kunnskapsområda. Fagkorta er viktige verktøy i arbeidet med å omsetje føringane i rammeplanen til god praksis i den enkelte barnehagen. Espira arbeider aktivt med å heve kompetansen til personalet innanfor kunnskapsområda.

Espirabarnehagane arbeider tverrfagleg

Fagområda i rammeplanen dekkjer eit vidt fagfelt og opptre sjeldan isolert. Arbeidsmåtane i Espira-barnehagane er tverrfaglege og heilskaplege og ser dei ulike delane av rammeplanen i samanheng. Espira-gynga illustrerer det tverrfaglege i det barnehagepedagogiske arbeidet.



Satsingsområda til Espira

Espira har tre satsingsområde: språk, realfag og rørsle. Dette er område frå rammeplanen som vi har valt å gi særleg merksemd.

Måla våre for satsingsområda:

- **Vi skal tilby alle barn i Espira eit rikt og variert språkmiljø.**
Fordi gode språklege ferdigheiter er avgjerande for livsmeistring, både sosialt, kognitivt og emosjonelt.
- **Alle barn i Espira skal få oppleve undring, utforsking og nysgjerrigheit knytt til realfag.**
Fordi tidleg og god erfaring med realfag påverkar den generelle kognitive utviklinga og læring innanfor andre fagområde.
- **I Espira skal alle barn møte gode og utfordrande rørslemiljø både ute og inne.**
Fordi aktivitetsnivået påverkar den fysiske og psykiske helsa vår, og fordi det generelt er for stor variasjon i aktivitetsnivået til barnehagebarn.

Slik arbeider vi med fagområda og satsingsområda i år:

- Tiltak for å sikre at me er innom alle fagområda; fagkortsamlingar/ aktivitetar 1 g pr veke, koble fellessamlingane til fagområda, visualisera oversikt over fagområder me har vore innom.
- Tiltak for korleis me arbeider fagleg på tvers; jobber prosjektbasert med fokus på alle spirene
- Særlege fokusområder barnehagen har i år; realfag og språk. Me er realfagskommune og Forskerfabrikken-barnehage og kjem til å arbeide mykje med realfag dette året. Samtidig har me fokus på språk og vil fortsette med Språkløyper.

Tema gjennom året

Barnas framtid – berekraftig utvikling

Me vil i dette barnehageåret ha fokus på barnas framtid, berekraftig utvikling. I rammeplan for barnehagen står følgande om det;

“Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen har derfor ei viktig oppgåve i å fremje verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn.”

Me vil blant anna ha stort fokus på desse fagområda:

- “Kropp, rørsle, mat og helse”
- “Natur, miljø og teknologi”

Dette er eit vidt tema og det er barnas medverknad og fantasi som er med å bestemme kva retning tema tar.

Personalet skal:




- Vere gode rollemodeller; gjennom å ete sunn mat, vere i bevegelse, gode mot kvarandre, bruke humor, vise at man tar vare på naturen som til dømes å plukke boss og kildesortere. Støtte barna i å etablere gode verdiar, vaner og haldningar.
- Vere aktive og nærverande, støtte og utfordre barna.
- Bidra til at barna kan tilegne seg gode vaner, haldningar og kunnskap om kost, hygiene, aktivitet og kvile.
- Utforske og undre seg over eksistensielle, etiske, berekraftige og filosofiske spørsmål saman med barna.



Barnehagen skal leggje grunnlag for barna si evne til å tenkje kritisk, handle etisk og vise solidaritet. Barna skal få erfaring med å gje omsorg og ta vare på omgivnadene.



Personalet skal med fokus på utemiljøet i og utenfor barnehagen:

- Ta barna med på planlegging, vedlikehold og hausting i kjøkenhagen.
- Involvere barna i kompostering og samtale rundt kva som er nedbrytbart og hva som ikkje er nedbrytbart.
- Bruke eventyr, fabler og historier som omhandler etikk, kritisk tenkning og solidaritet.
- Gje barna høve til å skapa noko nytt av natur- og gjenbruksmateriell.
- Gje barna kunnskap om korleis me kan ta vare på naturen og omgivnadene i og utenfor barnehagen.

Progresjon i rammeplanens fagområder

Fagområde	0-2 år	3-4 år	5-6 år
 <p>SPRÅKLABBEN</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Lytte, speile, mimikk og ansiktsuttrykk, sanse, erfare og gjenkalle. • Tilbakemelding i her og no situasjonar. • Rim og reglar, songer og røysler. • Bruk av konkret materiale for å auke og styrkje språk-utviklinga. • Dialog, billedbøker, sette ord på kjensler og enkle fortellinger. 	<ul style="list-style-type: none"> • Rolleleik • Leik med språk, rim og reglar, dialog med andre. • Overbegrep og leike-skriving. • Gje barna felles opplevingar, og prate med barna før- og etterpå • Språkleiker, fortellinger, eventyr, spel, faktabøker, rim og reglar. • Leggje til rette for å skape interesse for bokstaver. • Bruk av konkret materiale for å styrke språkutviklinga. 	<ul style="list-style-type: none"> • Avansert rolleleik. • Tekstskaping, bokstavar og lydar i språket. • Argumentere og grunngje eigne val. • Skapa interesse for skulen. • Språk og tal. • Lengre tekstar. • Regelleikar. • Rytmen i språket. • Vitsar og gåter. • Nyttå bokbuss for å finna aktuell litteratur. • Lesa og bla i bøker og bli lest for.
 <p>TALLBINGEN</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Former, duplo, og sanse-motoriske aktivitetar. • Rim og reglar. • Telle til 5. • Enkle eksperiment. • Bygging med klossar og duplo. • Lytte, speile, sanse, erfare og gjenkalle. 	<ul style="list-style-type: none"> • Kjennskap til tala 1-10, telle til 10, mengdeforståelse, kjennskap til mål og vekt. • Kunne fargar. • Spelereglar, sortere, former, sandkasseleik og bygging. • Kjenne til omgrepa over/ under bak/foran liten/stor og lav/høy. • Høyre/venstre. • Bruke riktig omgrep ved å namngje/gjenta for barnet. • Lyd, rytme og takt. • Matlaging (enkle målingar). • Innføre omgrepa dag, dato, månad og tid. • Størrelsar. • Lytte, speile, sanse, erfare og gjenkalle. 	<ul style="list-style-type: none"> • Kjenn tal og kunne mengder frå 1-10. • Kunne ein del omgrep om dag, dato, månad og tid. • Skriva namnet sitt. • Forstå og kunne nytta omgrepa på, over, under, ved sidan av. • Språk og tal. • Regelleik. • Spel.
 <p>TUMLEPLASSEN</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Omsorg. • Kroppskontakt. • Ro / kvile. • Tumleleik. • Sunt kosthald. • Nye smaksopplevingar. • Ro ved matbordet. • Røysle til musikk. • Enkle songleiker. • Leik med vatn. • Navngje kroppsdelar. • Leik utandørs. • Gode opplevingar i naturen. • Korte turar. • Større fysiske utfordringar. • Øva på påkledning. 	<ul style="list-style-type: none"> • Allsidige turar i ulendt terreng. • Delta meir i planlegging av turar, for eksempel turmat, pakke sekkar og valg av turmål. • Lære seg navn på kroppsdelar. • Baking. • Lage mat ute. • Ansvarsoppgåver. • Kjenne på forskjell mellom aktivitet og avslapning. • Lære om kroppen. • Mestre påkledning. • Sangleker med økt vanskelighetsgrad. 	<ul style="list-style-type: none"> • Lære om kroppens indre organ. • Lengre turar. • Vera med å ta avgjersler om påkledning etter vær, med assistanse av ein vaksen. • Lære om menneskekroppen og få forståing av tydinga av gode vanar og sunt kosthald.

Fagområde	0-2 år	3-4 år	5-6 år
	<ul style="list-style-type: none"> • Lære om korleis me er mot kvarandre/empati/inkludering/konfliktløsning. • Markering av høytidene. • Fokus på sosiale reglar. • Aktivitetar knytta til høytider. • Enkle billedbøker og peikebøker. • Stort fokus på gjentaking og gjenkalling og glede! 	<ul style="list-style-type: none"> • Bøker med enkle tekster og bilder, avansere gradvis. • Lucia-feiring. • Normer/verdier. • Lære å respektere andre. • Fantasi/filosofi. • Empati. • Konfliktløsning. 	<ul style="list-style-type: none"> • Dramatisering, rollespel: riktig/galt. • Innblikk i andre kulturar og andre kulturars høgtider.
	<ul style="list-style-type: none"> • Vere saman med leikende vaksne som har fokus på fantasi og undring. • Fantasere, samtale og syngje om det dei ser og opplever. • Få opplevingar som gjer inspirasjon til begynnande rolleleik. • Få erfaring med forskjellige materialer som inspirerer til dramaleik. • Kle seg ut og kunne glede seg over det. • Bruke sanseintrykk - lytte, føle, sjå – og skape ulike uttrykk gjennom song, dans, røysle og billedkunst. • Få røyndom med ulike taktile materialer. • Tegning, maling, liming og klipping. • Kjennskap til primærfargar og blanding av desse. • Prøve ut forskjellige verktøy som pensel og svamp. • Bli kjend med tredimensjonalt materiale som kitt og sand. • Trylle med vann, farge, såpe eller anna spennande! • Få røyndom med nokre rytmeinstrument. • Enkle rim og regler. • Lære enkle barnesonger med og uten røysler. • Møte ulike peikebøker, billedbøker og bok-koffertar. • Stort fokus på gjentaking og gjenkalling og glede! 	<ul style="list-style-type: none"> • Kjennskap til primærfargenes blandingar (gul, raud og blå). • Jobbe med to-og tredimensjonale uttrykk. • Møte kunst gjennom bilder og bøker. • Dramatisere kjente eventyr og songer. • Kjennskap til songer med handling og fleire vers. • Delta i sangleiker. • Kle seg ut og kunne glede seg over det. • Dramaleik knyttet til følelsar. • Øve på riktig grep på skriving og tegnesaker. • Jobbe med, skape og leike med tredimensjonalt materiale. • Kjenne til og sjøl kunne bruke forskjellige redskaper; blyant, saks, pensel, verktøy og kniv. • Samtale om det ein ser i eget kunstnerisk uttrykk. • Gå inn i ei rolle i leik og være der over tid. • Kunne syngje songer, sei rim og delta i rytmeleiker. • Lære enkle danser og glede seg over fri utfoldelse. 	<ul style="list-style-type: none"> • Læra seg riktig grep på skrive- og teikne-reiskapar. • Væra med å finne ut av kva for materiale ein treng for å skapa eit produkt. • Observere og beskriva andre sine produkt. • Kunne bruka og kjenne namnet på rytmeinstrumenter. • Kunne gå inn og ut av roller og halde konsentrasjonen. • Delta i enkle skodespel og øve seg i å opptre for andre. • Prøve ut og lage utstyr til ulike dramateknikkar som skyggeteater og dokketeater samen med vaksne.

Fagområde	0-2 år	3-4 år	5-6 år
	<ul style="list-style-type: none"> • Sansse og erfare. • Enkle eksperimenter, skape interesse og omtanke for planter, dyr og naturen vår. • Kjennskap til kildesortering. 	<ul style="list-style-type: none"> • Dyr, planter og insekter. • Omgrep om kroppen. • Kjennskap til kildesortering. • Ordensbarn. • Ruskenaksjon. • Kjennskap til miljømerker. • Årstider. • Kjennskap til dyr si nyttefunksjon. • Enkle fysikkforsøk. • Legge til rette for kunnskap om dyr, planter og insekter. • Frø blir til plante. 	<ul style="list-style-type: none"> • Læra om naturens mangfald/naturfenomen. • Kunne namn på dei mest kjende dyrene, blommar, insekt, fuglar, fiskar og sjødyr. • Kjennskap til kjeldesortering og naturvern. • Så og å hauste. • Enkel geografi: kvar bor vi. Kjennskap til kart, verdsdelar og land.
	<ul style="list-style-type: none"> • Bli kjend med barnehagen inne og ute. • Bli kjend med dei andre borna i gruppa. • Bli kjend med nærmiljøet rundt barnehagen. • Turer i nærmiljøet. • Ha ein fast referanseplass på tur, som man besøker ved ulike årstider. • Sansse og oppleve. 	<ul style="list-style-type: none"> • Lengre turar i nærmiljøet • Yrker • Få muligheit for å medvirke i planlegging av aktiviteter • Ulike former for media • Trafikkregler • • Kjente songer om landet vårt og songer som har tilknytning til nærmiljøet 	<ul style="list-style-type: none"> • Lengre turar i nærmiljøet. • Større forståing for trafikkreglar. Korleis vera i trafikken når vi er på tur. • Kjennskap til bedrifter i kommunen. • Empati. • Demokrati og medverknad





Pedagogisk kalender 2018/2019

Espira Marthahaugen

Hovudsatsingsområde Barnas fremtid- berekrafting utvikling

HAUST		VINTER			VÅR		SOMMAR				
Tema/fokusområde · Bil kjent og Vennskap		Tema/fokusområde · Juli			Tema/fokusområde · SOS barnebyer · Ta vare på naturen		Tema/ fokusområder · Sommerbarnehage				
AUGUST	SEPTEMBER	OKTOBER	NOVEMBER	DESEMBER	JANUAR	FEBRUAR	MARS	APRIL	MAI	JUNI	JULI
1.8 Nytt barnehageår	Dato Felles faglig foreldremøte	24.10 Fn dag	9. Planleggingsdag	Dato Adventsanling Barnas julebord 13.12 Lucia Nissefest Julevandring i kyrkja	2. Planleggingsdag Hald fram nedover her	1. Planleggingsdag Samenes dag barnehagens Espiradagen Karneval	21.3 Rocka Sockarna Hald fram nedover her	Verdens Bokdag Hald fram nedover her	31. Planleggingsdag Verdensdagen for fysisk aktivitet	Foreldremøte for nye foreldre og Skolespira	den Internasjonale vennshapsdage
31.8 Planleggingsdag	Uke Brannvernuke								Espritalekene Skolespiratur		

Vedlegg

Standarden til Espira når barnet begynner i barnehagen

Målsetjinga med småspirestandarden er at alle barn som begynner i ein Espira-barnehage, skal få ein god start i barnehagen. Småspirestandarden omfattar tre fasar:

- Før barnet begynner i barnehagen.
- Dei første dagane i barnehagen.
- Oppfølging av tilvenningsperioden etter 2–8 veker.

Småspirestandarden blir følgd av malar for velkomstbrev til foreldra og skjema for oppstartssamtale og oppfølgingssamtale etter 2-8 veker.

Fase 1 - Før barnet begynner i barnehagen

- Foreldra skal få eit tilbodsbrief i mappe med brosjyremateriell.
- Når plassen er akseptert, etablerer ein kontakt med foreldra.
- Velkomstbrevet skal sendast til foreldra i god tid før oppstart.
- Alle barn skal få tilbod om å besøkje barnehagen før oppstart.
- Det skal vere eit felles foreldremøte eller ein foreldresamtale før oppstart, til dømes tidleg i juni.

Fase 2 - Dei første dagane i barnehagen

- Ein avtalt kontaktperson tek imot barnet og foreldra dei første dagane og sørgjer for at barnet gradvis blir kjent med fleire barn og vaksne.
- Foreldra får tilbod om oppstartssamtale seinast etter ei veke dersom dei ikkje hadde denne samtalen før oppstart.
- Lengda på og tidspunktet for tilvenninga skal avtalast og justerast i dialog med foreldra i tråd med behova til barnet. Foreldra skal som eit minimum vere til stades saman med barnet i 3–5 dagar.
- Foreldra tek seg av dei daglege rutinane med barnet i byrjinga (mat, bleieskift, påkløding osv.), og personalet nærmar seg gradvis.
- Personalet skal vere vare for behova til barnet og gi barnet den støtta det treng.
- Personalet skal vere imøtekommande.
- Personalet skal sørgje for god struktur, organisering og føreseielege rammer gjennom fast dagsrytme og faste aktivitetar.
- Barnehagen legg til rette for at barnet skal bli kjent med mindre grupper av barn om gongen.

Fase 3 - Oppfølging av tilvenningsperioden

- Tilvenningsperioden vil i dei fleste tilfella bli rekna som avslutta etter 2–8 veker.
- Personalet skal invitere til regelmessig dialog og tilbakemeldingar frå foreldra undervegs i tilvenningsperioden.
- Når barnet har gått i barnehagen i 2–8 veker, skal barnehagen gjennomføre ein oppfølgingssamtale med foreldra.

Standarden til Espira når barnet byter avdeling

- Ein skal ta ei godt grunngitt avgjerd for val av tidspunkt, avdeling og gruppesamansetjing for kvart enkelt barn i samarbeid med foreldra.
- Når avgjerda er teken, skal foreldra få tilbod om ein overføringsamtale.
- Plassen til barnet skal vere klar når barnet har den første dagen på ny avdeling.
- Relevant informasjon om barnet skal overførast mellom dei tilsette.
- Det skal avtalast ein kontaktperson for barnet frå første dag som gir barna ekstra oppfølging den første tida på ny avdeling. Foreldra skal få vite namnet på kontaktpersonen før oppstart.

Skulespirastandarden til Espira

Rammer for Skulespira:

- Det skal setjast av minst seks timar til skulespirearbeid kvar veke.
- Ein pedagog har ansvaret for organiseringa og gjennomføringa i barnehagen.
- Den ansvarlege pedagogen skal delta i skulespiranettverk minst tre gonger i året.
- Det skal etablerast kontakt med mottakarskulane – som eit minimum gjennom å sende skulen standarden og rettleiingsheftet om skulespirene.
- Tilsette som jobbar med skulespira, skal kursast med vekt på prosjektarbeid på «Espira-måten».
- Barna får eige skulespirautstyr: sekk, pennal, bok, perm, drikkeflaske, matboks og t-skjorte.

Skulespira standarden

espira
KUNNSKAPSBARNEHAGEN



Gjennom meningsfylte prosjektarbeid skal skulespirene få et fantastisk siste år i barnehagen. De skal få de beste forutsetningene for livslang læring og oppleve sammenheng i overgangen mellom barnehage og skole.

Prosjektarbeid på "Espiramåten"

Skulespira skaper mening for barna gjennom prosjektarbeid som:

- gir konkrete opplevelser og erfaringer i samspill med andre
- vektlegger helhetlige læringsprosesser
- har tverrfaglig fokus

Gode prosjektarbeid består av:

- undering og planlegging sammen med barna
- utforskning og impulser
- gjenkalling og refleksjon

Barns medvirkning og pedagogisk dokumentasjon er grunnpilarer i gode prosjektarbeid.

Rammer for Skulespira

- Minimum 6 timer til skulespirearbeid hver uke.
- En pedagog med ansvar for organisering og gjennomføring i barnehagen.
- Deltakelse i skulespiranettverk for ansvarlig pedagog minimum 3 ganger pr. år.
- Etablering av kontakt med mottakerskolene. Minimum gjennom oversending av standarden og veiledningsheftet.
- Kursing av ansatte som jobber med Skulespira, med vekt på prosjektarbeid på "Espiramåten".
- Utstyr til barna: Sekk, pennal, bok, perm, drikkeflaske, matboks og t-skjorte.



Espira Marthaugen
Ådlandsvegen 325 | 5918 Frekhaug

Tlf. 56 17 09 30 | styrer@marthaugen.espira.no | www.marthaugen.espira.no

